



## Referat

**Utval:** Fitjar sokneråd

**Møtestad:** Kyrkjestova

**Dato:** Torsdag 4. juni 2020

**Tid:** Kl. 18.30

### **Faste medlemmer som har møtt:**

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
-------------	-----------------

Sigrid Marie Fangel	leiar
Wenche Andersen Helland	nestleiar
Svein Lunde	skrivar
Tom Rydland	medlem
Anne Marie Røed	medlem
Herman Inge Aadland	medlem
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem
Jan Overweg	Kyrkjeverje

### **Forfall faste medlemmer:**

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
-------------	-----------------

Håkon Rydland Sæbø	medlem
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant
Roald Drønen	sokneprest

### **Varamedlemmer som møtte:**

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
-------------	-----------------

Karin Marie Korsvik	2. varamedlem
---------------------	---------------

### **Varamedlemmer som ikke møtte:**

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
-------------	-----------------

Jostein Skram	1. varamedlem
Magnor Tverderøy	3. varamedlem
Jan Ottar Wiik	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Hilda Gloppen	4. varamedlem



**Sakliste:**

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2020/20	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2020/21	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 20.02.2020	x
2020/22		Oppdatert status smittevern	x
2020/23		Gudstenesteliste for hausten 2020	
2020/24		Offerliste for hausten 2020	
2020/25		Kyrkjegardsarbeidar / kyrkjetenar-stillinga	x
2020/26		Økonomirapport for første kvartal	x
2020/27		Søknad om tilskudd Fitjar bedehus	
2020/28		Utval og nemnder	
2020/29		Informasjonsflyt i organisasjonen	
2020/30		Inspirasjonssamling med staben - ny dato for hausten	
2020/31		Møteplan for hausten	
2020/32		Meldingssaker	
2020/33		Open post	

**Sak 2020/20 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saklister godkjent

**Drøfting:** Det kom frem ynskje om å få mest mogelig informasjon ut skriftleg før møtet.

**Vedtak:**

Soknerådet godkjenner sakliste og innkalling, men ber om at så mykje som praktisk råd er av dokumentasjon vert sendt ut før møtet.

**Sak 2020/21 012.1 Referat frå sist møte**

Referatet frå møte den 20. februar 2020 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Referatet er lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 20. februar 2020.

**Vedtak:**

Som innstilling

**Sak 2020/22 000 Oppdatert status smittevern**

Sidan mykje av aktiviteten i kyrkjelyden framleis er sterkt berørt av smitteverntiltaka, er det ynskjeleg at soknerådet tek del i vurdering av smittevernhandteringa i soknet. Me fekk til ei god drøfting av situasjonen på Teams-møtet 14. mai. (Jfr notat). Likevel er sitasjonen i stadig endring og det kan difor vera nyttig å drøfta ulike scenario for perioden fram til neste soknerådsmøte.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Drøfting:**

Kyrkjeverje orienterte om nye smittevernreglar. Reglane skal slåast opp i kyrkja.

**Vedtak:**

Soknerådet reknar med at arrangement vert avhalden etter gjeldande reglar.

**Sak 2020/23 000 Gudstenesteliste for hausten 2020**

Soknepresten har utarbeidd gudstenesteliste for andre halvår 2020. Planen er drøfta i stab og gudstenesteutvalet. Nærare informasjon om gudstenestene som er planlagde vert lagt fram i møte. Lista er å finna som vedlegg til innkallinga.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet sluttar seg til planen for gudstenestene andre halvår 2020 slik den ligg føre.

**Vedtak:**

Soknerådet stadfester gudstenestelista for hausten 2020. Når det gjeld det planlagde besøket frå Kirkens bymisjon, ynskjer soknerådet meir informasjon på fyrste møtet etter sommarferien.

**Sak 2020/24 000 Offerliste for hausten 2020**

Soknepresten har lagt forslag offerliste for andre halvår 2020. Nærare informasjon vert lagt fram i møte.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet sluttar seg til offerlista for andre halvår 2020 slik den ligg føre.

Ordninga med at 10 % av offeret til utanforståande organisasjonar går til lokalt kyrkjelydsarbeid, held fram.

**Drøfting:** Ein gjekk igjennom lista og vurderte dei innspel som var kommen. To konkrete endringar vart vedteken. Det er då framleis eit par opne plassar på lista. Dei vil bli vurdert seinare når ein ser om uføresette ting dukkar opp. Soknerådet ber om at resultatet av ofringane vert lagt ut på kyrkja sine heimesider.

**Vedtak:** Lista vart vedteken med følgjande endringar. To opne plassar vart fylt opp. Ordninga med at 10 % av offeret til utanforståande organisasjonar går til lokalt kyrkjelydsarbeid, held fram.

25.10. Nordmisjon.

15.11. Bridgebuilders

**Sak 2020/25 211 Kyrkjegardsarbeidarstillinga**

Arbeidsutvalet orienterer om saka i møtet.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Drøfting:** Interessen for stillinga etter fyrste utlysing gav ikkje grunnlag for tilsetjing. Soknerådet drøfta ymse innspel.

- Lyse ut inntil 100% stilling – Har me økonomi til det?
- Få tydeleg fram at stillinga kan delast opp.
- Vurdere kravet om maskinførarkompetanse opp mot kyrkja sitt ansvar for HMS. Kan intern opplæring gitt etter tilsetjing erstatte dette?
- Forstår lesarane kva som er meint med tittelen? Vurderer dei annonsen dersom dei ikkje har rett forståing av kva tittelen inneber? Ville vaktmeister vera meir dekkande?



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

- Vil arbeidsoppgåver teken inn i ein 100% stilling føre med seg krav om medlemsskap i statskyrkja.

**Vedtak:**

Arbeidsutvalget får fullmakt til å sette opp ny stillingsannonse med inntil 100% stilling. Annonsen skal sendes ut til soknerådet sine medlemmer til utlysing.

**Sak 2020/26 000 Økonomirapport for første kvartal 2020**

Kyrkjeverje legg fram økonomirapport for første kvartal 2020. Rapport vert delt ut i møtet.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek økonomirapporten til orientering

**Drøfting:** Kyrkjeverje orienterte. Det er teken inn litt meir sommarvikarar enn vanleg for å dekke opp for manglande fast tilsett kyrkjegardsarbeidar.

**Vedtak:** Rapporten vert teken til orientering.

Soknerådet ber om å få ein enkel rapport tilsendt før kvart møte. Treng ikkje vera eiga sak på kvart møte, kan gå som meldingssak når ikkje leiari ser behov for å ha den som sak.

**Sak 2020/27 000 Søknad om tilskudd Fitjar bedehus**

Fitjar bedehus søker Fitjar sokneråd om stønad i samband med innsamling til nye stolar. Innsamlinga har pågått ei stund, og mellom anna kyrkjebladet har i aprilutgåva omtalt denne innsamlinga.

Kyrkjelyden vår er også brukar av huset - ikkje minst til ungdomsarbeidet.

**Framlegg til vedtak:**

Fitjar sokneråd ønskjer å støtte innsamlinga med eit direkte tilskudd pålydande kr.10.000,-

**Vedtak:** Einstemmig vedteken.

**Sak 2020/28 000 Utval og nemnder**

Ei oversikt over nemd og utval og medlemmar vert delt ut i møtet. Det er ønskjeleg at mandat for dei ulike utval vert utarbeidd / oppdatert og godkjent av soknerådet.

**Framlegg til vedtak:**

Dei ulike utval konstituerer seg sjølv med leiari. Utvala blir sjølv einige om forslag til mandat som vert sendt soknerådet til godkjenning innan utgangen av september 2020.

**Drøfting:** Denne lista er eit levande dokument og administrasjonen må kunna justere lista etter behov. Fleire av nemndene har alt gode mandat men enkelte nemnder må gjera ein jobb her.

**Vedtak:** Som tilråding.

**Sak 2020/29 000 Informasjonsflyt i organisasjonen**

Soknerådet drøftar om det er behov for å forbetra informasjonsflyten i tida mellom soknerådsmøta.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Vedtak:** Saka vert teken opp på inspirasjonssamling.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

**Sak 2020/30 000 Inspirasjonssamling med staben - ny dato for hausten**

Inspirasjonssamlinga for soknerådet og dei tilsette vart utsett på grunn av korona. Forslag til ny dato for samlinga vert lagt fram i møtet.

**Framlegg til vedtak:**

**Vedtak: 29.08.**

**Sak 2020/31 000 Møteplan for andre halvår 2020**

Soknerådet bør framleis leggja opp til eit møte kvar månad. Tidlegare har det vore møte den nest siste torsdagen i månaden.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet vedtek slik møteplan for andre halvår 2020:

- Laurdag 29. august, strategisamling
- Torsdag 17. september
- Torsdag 22. oktober
- Torsdag 19. november
- Torsdag 10. desember (juleavslutning)

Dersom det skulle vera behov for møte utover dette, fastset soknerådsleiar tidspunkt for møte.

**Vedtak:**

Som tilråding

**Sak 2020/32 Meldingssaker**

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Bemannning / ferieavvikling i sommar
2. Dugnadsarbeidet på kyrkjegarden
3. Lunsjkonsertar sommaren 2020
4. Temakveldar hausten 2020
5. Konfirmasjon av årets konfirmandar og innskriving av nye konfirmandar
6. Foredrag om Håkon den Gode
7. Om saker som er utsett og som må koma opp i haust / rutinar for melding av saker.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering.

**Vedtak:** Som framlegg

**Sak 2020/33 Open post**

Ingen saker.